



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Luster kommune
postmottak@luster.kommune.no

03.04.2025

Dykkar ref: 25/1022-4


Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
7-25

7-25 Høyringsuttale landing med helikopter Nørdestedalseter, Luster kommune

Luster kommune har motteke søknad frå DNT Oslo Og Omegn om å lande med helikopter ved Nørdestedalseter den 9.4.2025. Det er søkt om 4 landingar for å frakte inn proviant og utstyr til opning av hytta i påsken. Transporten skal samordnast med Hydro Energi som arbeider i området, og nyttar helikopter i den samanheng.

Vurdering:

Det er positivt om transporten blir gjort med helikopter i staden for snøscooter. Med snøscooter vil ein ofte køyre gjennom og potensielt forstyrre eit mykje større område enn det ein gjer med helikopter. I dialogen mellom DNT og Luster kommune går det fram at helikoptertransporten vil erstatte noko av snøscootertransporten.



Figur 1: Kartet syner avgrensinga Nørdestedalseter (blå markering) og villtrekk (skraverte område).

Området rundt Nørdstedalseter er eit viktig trekkområde for villrein. Spesielt på våren er det viktig at villrein får trekke uforstyrra gjennom dette området for å auke sjansen for at villrein i større grad tek i bruk dei sørvestlege delane av villreinområdet. Trekka er synt som skraverte område i kartet over:

Konklusjon:

Det er greitt at DNT Oslo Og Omegn får lande med helikopter ved Nørdstedalseter den 9.4.2025. Om det skulle vera villrein i nærleiken av landingsplassen (i synsavstand / 1 km), bør landing bli utsett til villrein har trekt vekk.

Helsing

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær